
Til: ORGANISASJONSAVDELINGA

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/862-4**Dato**
14.01.2014

Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring. Oppfølging - fleire læreplassar

Fylkestinget behandla i møte 10.12.13 sak 87/13 «Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring i Hordaland fylkeskommune – revisjonsrapport», og gjorde slikt samrøystes vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapporten «Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune», ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Vurdere å leggje fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning og som innfrir formalkrav, for å få kjennskap til eventuelle risikoforhold medlemmene i yrkesopplæringsnemnda har om søkjarbedriftene.
2. Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktørkurs for å bidra til å sikre at lærlingane får den oppfølginga og det faglege innhaldet dei har krav på i læretida.
3. Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på læreplassar innanfor ulike fagområde.
4. Undersøkje om det er mogleg å på ein systematisk måte sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheldt avvikla verksemder.
5. Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar som mellom anna tek utgangspunkt i rapportering frå bedrifter.
6. Vurdere om det er mogleg å auke takt på læreplassar i eigen organisasjon.
7. Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga, og oppretthalde fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lærekandidatane.
8. Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevings saker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse.
9. Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet.

10. Lage ein handlingsplan innan 01.03.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.»

Fylkesrådmannen ber organisasjonsavdelinga følgja opp punkt 6 i vedtaket. Dei andre punkta vert sendt opplæringsavdelinga for oppfølging.

Saksdokumenta ligg ved.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift.